



Bodil Nesse
Grøvlesvingen 57 A
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3632 - 17/8849

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.03.2017

Utsleppsløyve for 2 bustadar - gbnr 177/16 og 177/20 Nesse

Administrativt vedtak. Saknr: 123/17

Tiltakshavar: Bodil Nesse (gbnr 177/6)
John S. Nesse (177/20)

Ansvarleg søker: Stusdal VVS AS

Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

Tiltak

Det er søkt om utsleppsløyve for eigedomane gbnr 177/16 og gbnr 177/20. Bustad på gbnr 177/20 har i dag avlaupsanlegg der utsleppet vert reinsa i slamavskiljar før det vert ført vidare til bekk/sig/jordbruksgrøft. Eigedom gbnr 177/16 har ikkje utslepp i dag. I samband med at det er søkt om bruksendring frå fritidsbustad til bustad for eigedom gbnr 177/16 er det no søkt om nytt felles avlaupsanlegg for begge eigedomane.

Utsleppet skal reinsast i felles kjemisk/biologisk reinseanlegg av typen Biovac med etterpolering i eksisterande slamavskiljar for gbnr 177/20, før utsleppet vert ført vidare til bekk/sig/jordbruksgrøft som går til sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 10 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 17.11.2016 med supplerande opplysningar mottatt 21.12.2016.

Planstatus

Eigedom ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan 2011-2023 sin arealdel er definert som LNF-føremål med omsynssone landbruk.



Søknaden er knytt til søknad om bruksendring frå fritidsbustad til bustad for gbnr 177/16. , jf arkivsak 16/3828 der det er gitt dispensasjon frå gjeldande arealføremål i vedtak datert 22.03.2017, administrativt vedtak saknr 113/17. Det vert vurdert at omsøkte etablering av avlaupsanlegg vert omfatta av denne dispensasjonen.

Nabovarsel

Utsleppet er ikkje nabovarsla. Det vert vurdert at tilstrekkeleg varsling er gjennomført gjennom inngåtte private avtalar som ligg i saka.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart mottatt 17.11.2016.

Reinseløysing

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser, jf forureiningsforskrifta 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget. Serviceavtale ligg føre.

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast på eigedomen gbnr 177/6. Det ligg føre avtale om plassering av anlegg på eigedomen datert 15.09.2016.

Det ligg føre avtale om å føra utsleppet frå nytt felles reinseanlegg til eksisterande bekk/sig/jordbruksgrøft frå eigarane av gbnr 177/1, 177/4, 177/5 og 177/6 datert 03.09.2016.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området. Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til reinsing i biologisk/kjemisk reinseanlegg.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 17.11.2016.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev at det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova. Avlaupsanlegget vert handsama som del av søknaden om bruksendring frå fritidsbustad til bustad på gbnr 177/16, sjå arkivsak 16/3828.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå eigedomane gbnr 177/16 og 177/20 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- Utsleppet frå eigedomane skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før utsleppet vert ført til slamavskiljar og vidare til jordbruksgrøft/bekk.
- Anlegget skal plasserast slik det er vist på kart mottatt 17.11.2016.
- Utsleppsløyve vert gitt for 10 pe.
- Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13.
- Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felles avlaupsleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3632

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stusdal VVS A/S

Apalen 17

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Bodil Nesse

Grøvlesvingen 57
A

5108

HORDVIK

John Nesse

Seimsstranda 497

5912

SEIM